



Arkivnr: 2014/11976-42

Saksbehandlar: Knut Djuve

**Saksframlegg****Saksgang**

<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
Utval for miljø og samferdsel	14.01.2016
Fylkesutvalet	29.01.2016

**Fv 7. - omklassifisering av gamle fv. 7 utanfor Børvenestunnelen i Kvam Herad**

Strekninga utanfor den nye Børvenestunnelen som går mellom rundkjøringa i Øystese vest til kryss med ny fylkesveg 7 ved Nes, er føreslede omklassifisert til kommunal veg. Den funksjonen vegen har i dag etter at det er bygd ny vegtrase i tunnel, er som lokalveg med tilkomst til bustader og som gang- og sykkelveg. Denne funksjonen tilseier omklassifisering til kommunal veg.

Etter veglova § 7, 1 ledd er det fylkeskommunen som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Kommunen der vegen ligg skal gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

**Forslag til avgjerd**

Fylkesutvalet vedtek følgjande statusendring:

1. Fylkesveg (FT) 7, Hp 15, km ca 1,420 – 3,495 mellom rundkjøringa i Øystese vest til nytt kryss på Nes – lengde 2075 meter vert omklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkjøringsveg for gående og syklande.
2. Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen overleververt til Kvam herad skal vegen setjast i stand i henhold til NA-rundskriv 97/13 «*Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikraftredelse av vegloven §7*».

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 23.11.2015

Strekninga som er føreslege omklassifisert er gamlevegen utanfor nye Børvenestunnelen i Øystese. Vegen går mellom rundkøyringa i Øystese vest til kryss med ny fylkesveg 7 ved Nes. Funksjonen vegen har i dag etter at det er bygd ny vegtrase i tunnel, er som lokalveg med tilkomst til bustader. Denne funksjonen tilseier omklassifisering til kommunal veg.

Etter veglova § 7, 1 ledd er det fylkeskommunen som fattar endeleg vedtak om omklassifisering eller nedlegging av fylkesveg. Kommunen der vegen ligg, skal gje uttale før endeleg vedtak vert gjort.

I følgje kriterier for klassifisering skal grensa mellom fylkeskommunale vegar gå mellom samleveg og adkomstveg, slik det kjem fram av vegnormalane (Jf. HB N100). Fylkesvegar vil vera lokalveger som set bygder og grender i forbindelse med riksvegar eller direkte med byer og større sentra. Kommunale vegar omfattar først og fremst det ein karakteriserer som bustadsgatar mm.

Grunngjevinga frå Statens vegvesen om å nedklassifisera denne til kommunal veg er at denne gamle fylkesvegen er vorten betydeleg avlasta og har endra sin funksjon (vedlegg 1, brev frå Statens vegvesen av 10.03.2015).

Kvam kommune har gitt uttale til saka (sjå vedlegg 2). Kvam herad er ueinig i at vegen blir omklassifisert, og viser til at vegen er naudsynt å halda open som omkjøringsveg og gang- og sykkelveg, og er ein del av Nasjonal turistveg. Den vil og krevje omfattande utbetringar før vegen kan overtakast.

Statens vegvesen legg til grunn at funksjonen vegen no har etter at det er bygd ny tunnel, er tilkomstveg til lokale bustader samt gang- og sykkelveg. Turistvegen vil følge tunnelen, ifølgje innhenta informasjon frå Nasjonale turistvegar.

Statens vegvesen gir slik tilråding med forslag til statusendring (vedlegg 3):

- Fylkesveg (FT) 7, Hp 15, km ca 1,420 – 3,495 mellom rundkøyringa i Øystese vest til nytt kryss på Nes – lengde 2075 meter vert omklassifisert til kommunal veg og vert halden open som omkjøringsveg for gåande og syklande.
- Førende vedtak trer i kraft og vegen overleververt til Kvam herad skal vegen setjast i stand i henhold til NA-rundskriv 97/13 «*Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikraftredelse av vegloven §7*».

Statens vegvesen føreslår at gamlevegen utanfor Børvenestunnelen i Kvam herad vert omklassifisert til kommunal veg. Fylkesrådmannen har ikkje merknad til dette, og er samd i tilrådinga frå Statens vegvesen.

### Vedlegg

- 1 Fv 7. - omklassifisering av gamle fv. 7 utanfor Børvenestunnelen i Kvam Herad - brev til Kvam Herad
- 2 Fv 7. - omklassifisering av gamle fv. 7 utanfor Børvenestunnelen i Kvam Herad - høyningsuttale
- 3 Fv 7. - omklassifisering av gamle fv. 7 utanfor Børvenestunnelen i Kvam Herad - innstilling frå Svv